



Litt om serien

Det er alltid spanande å kome inn i ein ny heim. Korleis er det her? Korleis ser det ut? Kva gjer dei på? Kva er tonen her og kva er dei opptekne av, dei som bur her?

Rytmar og vanar dannar seg i ein kvar heim, og desse er med å seie noko om kva som er viktig og prioritert.

Når NT skildrar det kristne fellesskapet – kyrkja, så er ordbruken ganske så familiær. Dei kristne dannar saman ein trusfamilie og kyrkja er som ein heim. Denne serien vil løfte fram 6 gode vanar/praksisar for eit kristen fellesskap. For ein ting er heilt sikkert. Vi samlast ikkje i fellesskapet berre fordi vi har informasjonsbehov om åndelige ting. Nei, vi samlast for at trua på Jesus kan få form og uttrykk. Denne serien sit viktigaste siktemål er å etablere nokre viktige truspraksisar for oss som nytt fellesskap. Slik at vi alle kan seie: heime hos oss, så...

Kvifor denne serien

Trua på Jesus treng praksis. Djupast sett handlar dette om eit liv i etterfølging. Det er fort gjort å kjøpe premisset om at trua kunn er ei indre overtiding som ikkje har så mykje med livet eg elles fører å gjere.

Samfunnet rundt oss føretrekk dette: ikkje ver for tydelig med trua på Jesus, vil nok mange kunne seie til oss.

Vår eigen sårbarhet føretrekk dette: trua på Jesus er personlig og treng vern, seier vi til oss sjølve

Dette gjer at vi også møter andre kristne søsken med ein ganske stor porsjon blygsel, atterhald og «garden oppe». Det kan kjennes vanskelig eller utilgjengelig å gje uttrykk for behova, draumane, lengslane og kjenslene på innsida. Resultatet vert at trusfellesskapet ikkje vert prega av fridom, glede og opne møter med Jesus, men kanskje heller fører til at relasjonar, trusfylde og frimod vert fattigare. Dette er ein åndskamp som denne serien ønskjer å løfte fram. Ikkje med å be nokon om å skjerpe seg, men gjennom å etablere nokre

bevisste praksisar i fellesskapet som trekk trua ut i livet, ut i rommet og synleggjer i det ytre det vi allereie delar i det indre.

Felles for alle tema er at dei utfaldar seg i konteksten av fellesskap. Det i seg sjølv er noko som utfordrar både hangen til å:

1. individualisere trua – det er berre mi tru åleine
2. individualisere tida – eg sjølv er berre forplikta på mine greier, ikkje våre greier.

Eit anna fellestrekk i «heime hos oss, så...» - serien, er grunnmetaforen på det kristne fellesskapet som ein familie/ heim. For dei fleste vil heimen vere noko som ein assosierer med tilhørsle, tryggleik, vere seg sjølv, vere der for kvarandre. Heimen er rommet der dei mest intense nærleikserfaringane finnast, men også der heftig einsemd og høglytt krangling kan finne stad. Blod er tjukkare enn vatn, seier vi gjerne - og for oss som delar Jesu blod og brotne kropp, er vi bundne saman av noko av det tjukkaste som finnast.

Men det finnast også dei som ikkje opplever ordet «heim» som noko godt. Om ein har vekse opp der heimen vart øydelagt av uansvarlege foreldre, alkohol eller berre svært destruktive relasjonar kan heimen vere tung å tenke på. Sår, svik, sakn og udekte behov er kanskje er også nokon si erfaring av å vere heime.

Denne serien er ikkje meint til å vere salt i såret for slike erfaringar, men heller ein invitasjon inn i ein ny heim - Guds heim, og til å gjere nye erfaringar med at trusrelasjonar kan gje tryggleik og fridom.

Så til dei ulike søndagane, med dei ulike praksisane.

Heime hos oss, så... et vi saman – nattverden 26. aug t: 1.Kor 11,23-26

Måltidsfellesskapet. Det var det læresveinane, fulle av spørsmål, fekk av Jesus rett før han vart fanga og krossfest. Ikkje forklaringar, bibelutgreiingar eller solid dogmatikk. Han gav dei eit måltid. Og i alle kulturar har det lagt noko nært og livgjevande i det å dele måltid saman. Det er uttrykk for fellesskap, og samhørsle. Dei fleste familiar vil stort sett minst ha eit måltid felles i løpet av dagen. Der vert relasjonar fornya, nærleik stadfesta og akkurat som kroppen får næring av maten vi et saman, får fellesskapet rundt bordet næring av samværet. Denne søndagen markerar starten på at når vi møtes i fellesskapet, vil vi dele nattverd saman frå no av. Fordi Jesus sa det, fordi trua styrkast gjennom denne truspraksisen, der vi får ta imot tilgjeving, liv og frelse.

Heime hos oss, så... er vi tilstede – fellesskapet 09. sept t: Hebr 10.23-25

Fellesskapet er vårt naturlege utgangspunkt for alle andre ting i det kristne livet. Det er familien vi høyrer til som definerer oss. Forfattaren av Hebreerbrevet byd oss om å ikkje halde oss borte når fellesskapet samlast, og er på den måten svært dagsaktuell for oss. Kor vanskeleg er det ikkje med tilstedeværelse i livet? Smarttelefonar gjev oss kontinuerlig mulighet til å møte opp utan å vere til stades. Og kor ofte vel vi ikkje å setje utelukkande individuelle lyster framføre våre fellesskapsbehov. For når du ikkje er tilstade går vi andre glipp, både i husgruppene og i det store fellesskapet.

Heime hos oss, så... har vi omsorg for kvarandre – bøna 23. sept: t:

Det er typisk for ein heim å ha ei forplikting på kvarandre sitt vi og vel. Bøna og forbøna er kanskje den mest fantastiske måten vi kan dra omsorg for kvarandre på i det kristne fellesskapet, spesielt når den akkompagnerast av praktisk omsorg. Med stort og smått, rått

og råte, så får vi legge kvarandre fram for ein allmechtig og god Gud. Vi kan bære kvarandre sine bekymringar og utfordringar, gå saman med kvarandre i livets bratte bakkar, og vi kan gjere det med bøn.

Heime hos oss, så... ser vi mot det same – tilbeding 04. okt t: Åp 19,4-10

Tilbeding i kristen samanheng handlar om å sjå kva Gud er verdt, og så gje han det han er verdt. Det betyr at tilbedinga både har ei input-side og ei output-side. Inputt-sida er ofte forkynninga. Output-sida er ofte lovsangen, sjølv om eit heilt gudsteneste med alle sine delar eigentleg kan sjåast på som ei samla, stor tilbeding av vår treeine Gud. Å tilbe Gud er med å skape oss om til Jesu familie, og tilbedinga gjer oss også meir og meir glad for å vere ein del av hans familie. Når vi ser og høyrer og forstår kva han har gjort for oss, kven han er for oss: stor truslede!

Heime hos oss, så... hjelper vi kvarandre – teneste 21. okt t: 1.Pet 4, 7-13

Det er fiffig kor ulike vi er i ein familie. Ulike styrkar, svakhetar, ulike interesser og ulike personlegdomstypar. Tank at barn med same foreldre, som har vokse opp i same miljø, kan likevel utvikle så ulike interesser og vere så forskjellige. Slik er det også i trusfamilien. Vi er alle lemmer på ein kropp, byggjesteinar i eit levande bygg. Nådegåvene er gjevne for at vi skal kunne tene kvarandre så det vert til oppbygging i livet. Trivsel kan vere ein indikator på at du gjer noko du er utrusta til. Vi er kalla til å tene kvarandre, tene Gud og delta i hans misjon i verda.

Heime hos oss, så... er det plass til ein til – misjon 04. nov t: Luk 10,1-10

Det kristne fellesskapet har ein funksjon, eit oppdrag i denne verda. Å invitere inn til å erfare og sjå den same nåde som er gjevne oss i trua på Jesus. Dette er meir enn eit passivt «ja dersom det dukkar opp nokon, så skal vi alltid finne ein ekstra stol» haldning. Det er eit kall til å aktivt innlemme stadig nye i fellesskapet. Og det kan skje på så utruleg mange forskjellige måtar. Og det kan skje over heile verda, ikkje berre i eige nabolag. Vi som lokalt fellesskap i Gloppen må alltid arbeide med å styrke ein inviterande kultur i det vi gjer. Heime hos oss skal det alltid vere plass til ein til.

Så: 6 praksisar/ gode vanar for kristne fellesskap

Nattverden
Fellesskap
Bøn og forbøn
Tilbeding
Teneste
Misjon

Heime hos oss, så er vi opptekne av desse praksisane. Dette semesteret håpar vi at vi alle kan få ta nokre steg i desse vanane: bli tryggare, forstå litt meir, og oppleve dette som utviklande for livet og trua – i fellesskap. Velkommen med, og føl gjerne smågruppeopplegget som vert laga til denne serien.

